



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kultur- og miljøutvalet	11.03.2014	008/14
Formannskapet	13.03.2014	026/14
Kommunestyret	24.03.2014	009/14

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Bjørn Aurlen	Arkiv: S11	14/182-2

Neselva II Kraftverk - uttale til konsesjonssøknad

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
215519	Neselva II kart
215520	Neselva II, kapittel 3

Bakgrunn for saka:

NVE har lagt konsesjonssøknad frå Kleivafossen Kraft AS ut til offentlig gjennomsyn med merknadsfrist 02.05.2014

Saksutgreiing:

Grunneigarane på Nes/Ytre Kandal bygde i 2004/2005 kraftverk i Neselva (konsesjon gitt i 2002) Det låg alt då føre planar om ei større utbygging, men mellom anna på grunn av nettkapasitet i området vart denne delt i to byggesteg. Nettet vart forsterka i samband med bygging av byggesteg 1, og har nå kapasitet til også å ta i mot kraftproduksjonen frå byggesteg 2.

Neselva II utnyttar fallet frå inntak på kote 380 til kraftstasjon på kote 200. Inntaket er tenkt bygd med ein 1 meter høg betongterskel på fjell tvers over elva med lengde om lag 15m. Elva blir leia inn i ein 7m brei og 30m lang inntakskanal med inntakskonstruksjonar i enden. Her vil også bli lagt inn nedgravd røyr frå kanalen til elva nedstrøms terskelen for minstevassføring.

Frå inntaket blir vatnet ført gjennom eit 820m langt nedgravd røyr med diameter 1,0m. I øvre del følgjer røyrret eksisterande støylsveg i utsprengt fjellgrøft. Lengre nede går røyrtraseen gjennom eit større granfelt og inn på beite/dyrka mark, og her vil det i hovudsak ligge i lausmassegrøft. Røyrret er planlagt med minimum 1 meter overdekning, og veksttorva skal takast til side og nyttast som topplag for å oppnå rask revegetering.

Kraftstasjonen er plassert på innmark på kote 200, og avløpet blir ført i ein 100m lang nedgravd betongkulvert til inntaksbassenget for Neselva I på kote 195. Installert effekt er 5,3MW og det er stipulert ein årsproduksjon på 20,55GWh fordelt med 5,86GWh i perioden 1/10-30/4 og 14,7GWh i sommarhalvåret. Slukeevnen ligg mellom 0,15 og 3,6m³/s. Det er lagt opp til minstevassføring på 0,2m³/s i sommarhalvåret og 0,1m³/s i vinterhalvåret.

Det er skissert utbetring av 200m jordbruksveg over dyrka mark fram til kraftstasjonen. 23kV jordkabel for tilknytning til eksisterande nett vil følgje denne traseen og halde fram om lag 250 meter ned til kraftlinja ved fylkesvegen. Det er ikkje behov for massedeponi eller uttak av masser i samband med tiltaket.

Kapittel 3 i konsesjonssøknaden med oppsummering av søkjar si vurdering av verknader for miljø, naturressursar og samfunn er vedlagt.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Utbyggingskostnadene er kalkulert til 43mill. som gir ein utbyggingspris på 2,10 kr/kWh. Tiltaket er forutsett å styrkje det lokale næringsgrunnlaget og bidra til å oppretthalde busetting og lokal aktivitet. Det er skissert skatteinntekter til det offentlege på 1,8millionar kroner etter nokre år. Kor stor andel av dette som vil vere kommunale inntekter, er ikkje sagt noko om i søknaden.

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har vedteke følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- Visuelt inntrykk etter utbygging
- Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)
- Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)
- Naturinngrep ved utbygging
- Den samla utbygging i området
- Kraftlineføring
- Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
- Økonomi
- Eigarskap

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernerestriksjonar på.

1. Visuelt inntrykk etter utbygging

Dette vil dreie seg om relativt beskjedne inntakskonstruksjonar, ein kraftstasjonsbygning i tradisjonell byggestil, terrenginngrep i rørtraseen som vil vere mest synlege i anleggsperioden og nokre år framover, og redusert vassføring i elva.

Terskel, inntakskanal og øvrige inntakskonstruksjonar vil bli godt synlege frå støylsvegen. Herifrå går elva først parallelt med og nokså nær vegen, og berre nokre meter lågare. To mindre fossar ligg på denne strekninga og vil i periodar få redusert opplevingsverdi. Etter kvart går vegen meir vekk frå elva og elva blir ganske djupt nedskore i terrenget ned mot granfeltet. Dei som ser inngrep og redusert vassføring i dette området vil stort sett observere det i forbifarten frå bil på veg til eller frå Nesstøylen. Gjennom granfeltet er elva lite synleg anna enn for spesielt interesserte, men dette kan sjølvstendig endre seg dersom skogen blir hogd ut. Slik rådmannen ser det vil ikkje endra visuelt inntrykk vere ein avgjerande faktor i denne saka.

2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)

Utbygginga vil i liten grad ha innverknad på det tradisjonelle landbruket. Det er omtalt opprusting av ein landbruksveg fram til kraftstasjonen. Denne landbruksvegen er vanskeleg å få auge på ved synfaring i området, og den aktuelle vegtraseen framstår som

dyrka mark som må omdisponerast. Rådmannen ser det som ein fordel dersom permanenet tilkomst til kraftstasjon kan løysast utan omdisponering av dyrka mark, med tanke på at dyrka mark er ein ganske marginal ressurs i Kandal.

3. Tilhøve til anna næring (turisme, utmarksnæring)

Nesstøylen er ein av innfallsportane til Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde. Det er vanskeleg å sjå for seg at tiltaket skulle kunne ha negativ innverknad på turisme eller anna næring knytt til utmark generelt eller spesielt til verneområdet. Auka økonomisk handlefridom for grunneigarane kan sjølvstøt også føre til auka satsing på alternativ næring i bygda, men det er ikkje kjent noko konkret initiativ for dette.

4. Naturinngrep

I tillegg til det som er omtalt under pkt. 1 kan nemnast:

Frå inntaket følgjer røyrsgata først støylsvegen før den i eit parti ned mot granfeltet og vidare gjennom øvste delen av dette er skissert på nedsida av vegen. I ein del av dette området går det ein svært bratt naturleg skråning frå støylsvegen ned mot elva, og det er vanskeleg å sjå korleis ein reint praktisk har tenkt å løyse plasseringa av eit røyr med ein meter diameter og ein meter overdekning av lausmasse i dette terrenget. Desse utfordringane kan føre til naturinngrep i dette området som er vesentleg meir omfattande enn ein får inntrykk av ved gjennomlesing av søknaden. På den andre sida er det ikkje registrert særleg verdifull natur her, og naturinngrepet vil bli synleg i eit svært avgrensa område. Rådmannen tek det også for gitt at ein eventuell konsesjon blir følgt opp med særlege krav til utførelsen i dette området.

5. Samla utbygging i området

NVE har sendt på høyring 7 småkraftsaker i Gloppen og Jølster samtidig og ber spesielt om at samla belastning av utbyggingane blir vurdert. Dei seks andre kraftverka er i Jølster kommune. Rådmannen meiner desse kraftverka verkar inn på heilt andre landskapsrom, og at det er lite relevant å sette denne saka opp mot dei andre.

Frå før er her i nærområdet etablert følgjande kraftverk:

-Neselva I

-Kandal (indre Kandal)

-Årdal Nedre

-Årdal Øvre

Kommunestyret har ikkje gitt nærare kriterier for kva som skal ligge i ei vurdering av samla belastning. Slik rådmannen ser det vil belastninga på grunn av utbygginga vere marginal, noko som reelt sett også fører til marginal endring av samla belastning.

6. Kraftlinjeføring

Kabel frå kraftverket til eksisterande høgspenning blir lagt i jord, og vil etter revegetering av kabeltraseen ikkje innebere ei synleg endring i landskapet.

7. Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta

Det er planlagt minstevassføring på 100 liter/s om vinteren og 200 l/s om sommaren.

Alminneleg lågvassføring er 140 l/s. På grunn av at kraftverket si minste slukeevne er 150 l/s vil kraftverket vere ute av drift og alt vatn renne i elva når vassføringa er under 350 l/s i sommarhalvåret og 250 l/s i vinterhalvåret. Ut frå utredningane som ligg ved konsesjonssøknaden og elva si lite profilerte plassering i landskapet, meiner rådmannen dette er ei grei avveging mellom utbyggings- og miljøinteresser.

8. Økonomi

Utbyggingspris på 2,10 kr/kWh skal normalt gi god økonomi i prosjektet.

9. Eigarskap

Kleivafossen Kraft er eit aksjeselskap under stifting som er eigd av dei seks grunneigarane på gnr. 124 Ytre Kandal og gnr. 125 Nes

Det er ingen vernerestriksjonar på det aktuelle vassdraget.

Oppsummering:

Rådmannen meiner utbygging av Neselva II er lite problematisk i forhold til dei kriterier kommunestyret har vedteke skal leggast til grunn for kraftutbyggingssaker.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre har ikkje vesentlege innvendingar mot at det blir gitt konsesjon til Kleivafossen Kraft AS for bygging av Neselva II kraftverk. Kommunestyret oppmodar om at det blir vurdert løysingar som inneber redusert omdisponering av dyrka mark når det gjeld veg til kraftstasjonen, og oppmodar også om at eit parti med krevjande terreng i røyrgatetraseen mellom inntaket og granfeltet blir via særskilt merksemd i samband med detaljprosjektering og opparbeiding for å avgrense terrenginngrepa.

11.03.2014 KULTUR- OG MILJØUTVALET

008/14 VEDTAK:

Kultur- og miljøutvalet er samd i tilrådinga.

Vedtaket var samrøystes.

13.03.2014 FORMANNSKAPET

026/14 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

24.03.2014 KOMMUNESTYRET

009/14 VEDTAK:

Gloppen kommunestyre har ikkje vesentlege innvendingar mot at det blir gitt konsesjon til Kleivafossen Kraft AS for bygging av Neselva II kraftverk. Kommunestyret oppmodar om at det blir vurdert løysingar som inneber redusert omdisponering av dyrka mark når det gjeld veg til kraftstasjonen, og oppmodar også om at eit parti med krevjande terreng i røyrgatetraseen mellom inntaket og granfeltet blir via særskilt merksemd i samband med detaljprosjektering og opparbeiding for å avgrense terrenginngrepa.

Vedtaket var samrøystes.

